



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 4

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 03.12.2025

Sak 71/25 Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen– Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer – aksept for ny ramme og utlysing

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ser at føresett kostnadsramme til tiltaket Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer er for låg og må aukast. Tiltaket er klart for utlysing i desember 2025. Fylkeskommunen ber med dette om tilslutning frå styringsgruppa til at den økonomiske ramma for prosjektet blir auka. Det er venta at kostnadane vil vere noko over det som er omtalt i handlingsprogram 2026-2029.

Om tiltaket

Tiltaket omfattar oppgradering av gata mellom Nattlandsveien, Vilhelm Bjerknes vei og Storetveitvegen og skal betre situasjonen for mjuke trafikantar. Det skal etablerast sykkelfelt, oppgradering av haldeplassar, fortau og oppstramming av kryss. Det skal etablerast hente- og avleveringslomme ved Langhaugen vgs. Tiltaket føreset fjerning av gateparkering.

Tiltaket skal gi eit meir attraktivt og trafikksikkert tilbod til syklende, samstundes som det gir betre trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Tiltaket vil gi betre samanheng i sykkeltilbodet i Hagerups vei, som er ei viktig strekning i Bergensdalen for å kople saman rutene langs Nattlandsveien, Storetveitvegen og ruta mot Kronstadtunnelen. Bergen kommune planlegg for oppgradering av Wiers -Jenssens vei i same område.

Langhaugen VGS oppgraderast i tilknytning til tiltaket og prosjektet er koordinert mot dette.

Sykkelpotensialet på strekninga ligg mellom 300 og 600 syklende pr døgn. Tiltaket nyttar dagens vegareal og er difor eit kostnadseffektivt tiltak.

Status

- Tiltaket er forankra i handlingsprogram 2025-2028 og handlingsprogram 2026-2029.
- Tiltaket er spelt inn til handlingsprogram 2027-2029(2030)
- Tiltaket er klart for utlysing med venta oppstart vinter/vår 2026 dersom tilslutnad til utlysing
- Grunnerverv er avklart
- Detaljprosjektering er ferdig

Økonomi

Tiltaket er finansiert med fylkeskommunale i Miljøløftet. Kostnaden som er lagt til grunn for tiltaket i handlingsprogram 2026-2029 har utgangspunkt i 60 mill. 2023-kr. Tiltaket er ikkje lyst ut og det ligg difor ikkje føre endelege prisar, men prosjektet vurderer at totalkostnaden som tidlegare er lagt til grunn er for låg.

Det er gjennomført oppdatert byggherreoverslag på prosjekteringsgrunnlaget i samband med ferdigstilling av konkurransegrunnlag november 2025. Tabellen under syner status og behov for finansiering.

	2025-kr	2026-kr
Kostnad lagt til grunn i handlingsprogrammet	64 600,0	65 900,0
Medgåtte kostnader til og med 2025	14 324,0	14 825,3
Rest ramme før utlysning	50 276,0	51 074,7
Byggherreoverslag for bygging	65 050,0	67 326,8
Manglende finansiering	<u>-14 774,0</u>	<u>-16 252,1</u>
Utsleppsfri anleggsplass	9 757,5	10 099,0
Manglende finansiering Inkl. kostnader knytt til utslippsfri anleggsplass	-24 531,5	-26 351,1
Ny ramme eks. utslippsfri anleggsplass	79 374,0	82 152,1
Ny ramme inkl. utslippsfri anleggsplass	89 131,5	92 252,0

I kostnadsestimata er det lagt inn auke i usikkerheit».

Årsaker til kostnadsauke:

Løysing for overvasshandtering: Det har vore naudsynt med utvida omfang av prosjektering knytt til overvatn og supplerande dialog med Bergen Vann og innhenting av godkjenning for tilkopling til kommunalt nett, noko som har ført til ekstra kostnader og tidsbruk.

Godt egna for uttesting av nullutslepp

I dette tiltaket er nullutslepp lagt til grunn i anleggsfasen. Det medfører ein kostnadsauke estimert til 10 mill. kr. Prosjektet viser til at tiltaket er godt egna som nullutsleppsprosjekt. Tiltaket er sentrumsnært, i tettbygd strøk, det er kort avstand til eksisterande el-infrastruktur for etablering av naudsynte ladestasjonar og det kan realiserast utan bruk av dei største maskinane. Prosjektet er orientert om at Bergen kommune legg nullutslepp til grunn i sine prosjekt i same område.

Søknad om støtte: Fylkeskommunen har søkt støtte hos Miljøverndirektoratet for å dekke opp meirkostnadane knytt til utsleppsfri anleggsplass.

Fylkeskommunen jobbar kontinuerleg med å optimalisere kostnadene og sikre at prosjektet leverer i tråd med målsettingane.

På grunn av at frist for innlevering av prosjektark 1. desember 2025 kom før møtet i styringsgruppa, er behov for finansiering teke i vare i innlevert prosjektark. Prosjektet er klart til utlysing og er fullfinansiert over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet. Tiltaket har ei forventa anleggsperiode på fleire år. Den auka kostnadsramma for prosjektet vil ikkje ha konsekvensar i 2026. Det blir lagt opp til gjere justeringar i samband med neste rullering av handlingsprogrammet til Miljøløftet.

Framlegg til vedtak:

Styringsgruppa gir tilslutning til at tiltaket Fv5324 Hagerupsvei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter kan lysast ut, og legg til grunn ei ny økonomisk ramme på 89, 132 mill. 2025-kr for tiltaket.